

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
100/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Wind-Rose AS - Grønn energi.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Grønn energi* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 100/21 Vedtak:

Prosjektet *Grønn energi* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Wind-Rose AS er eit aksjeselskap. Bransje: 35.112 Produksjon av elektrisitet fra vindkraft. Registrert 10.11.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Wind-Rose AS er eit selskap som byggjar og utviklar vindkraft / energi for blant anna maritim industri og oppdrettsindustri. Verksemda har samarbeid med fleire verksemdar i Alver.

Forretningssideen er å utvikle, bygge og selge vindmøller til bruk for lading av batteripakker. Verksemda samarbeidar også med eit anna firma i Alver om viderutvikling av å sette saman ei total energipakke av solcellepanel og batteripakke som skal gi ei god total energiløysning. Søkjar visar også til ei inngått avtale med ein samarbeidspartnar om utprøving av vindturbin som er utvikla av Wind-Rose AS.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet er ei vidareutvikling, testing og salg av vindmøller og enegipakkar. Søkjar visar til ei inngått avtale med ein samarbeidspartnar om utprøving av vindturbin som er utvikla av Wind-Rose AS.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Grønn energi	2 325 000	465 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet Grønn energi får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne

omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Windrose_soknad-2021-0018_12 apr 2021	1572670
15.06.2021	21_Windrose_Søknad_Vedlegg_12 apr 2021	1572671